



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
01.12.2017  
Dykkar dato  
07.11.2017

Vår referanse  
2017/13572 421.3  
Dykkar referanse  
17/3255

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### **Rår ifrå dispensasjon til etablering av veg og flytting av avkøyrslø på gnr. 190 bnr. 1 på Grøttveit**

Vi viser til brev frå kommunen datert 07.11.2017 med frist for uttale.

Saka gjeld søknad om dispensasjon i samband med søknad om omlegging av veg og flytting av avkøyrslø frå kommunal veg på gnr. 190 bnr. 1 og gnr. 190 bnr. 2. Eksisterande avkøyrslø får ny status som landbruksavkøyrslø og skal nyttast for tilkomst til driftsbygningen på gnr. 190 bnr. 1. Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Knarvik - Alversund sin arealdel er definert som LNF-føremål med særskild kulturlandskapsinteresser.

#### **Fylkesmannen si vurdering**

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Den omsøkte vegen skal gå over eit område som er definert som innmarksbeite ifølgje markslagskart frå Norsk Institutt for Bioøkonomi. Det er eit nasjonalt mål å omdisponera så lite dyrka eller dyrkbar mark som mogleg. Fylkesmannen er kritisk til slik omdisponering. Stortinget har også nyleg skjerpa måla for omdisponering av dyrka mark frå 6000 daa til 4000 daa i året i den nasjonale jordvernstrategien.

Fylkesmannen rår ifrå at det vert gjeve dispensasjon til veg på gnr. 190 bnr. 1.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagehandsaming.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
avdelingsdirektør

Hege Brekke Hellesø  
rådgevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*